



Seljord kommune

Arkiv: 150

Saksnr.: 2018/1637-2

Sakshand.: Finn-Arild Bystrom

Direkte tlf.:

Dato: 06.11.2018

Saksframlegg

Utval	Utvallsak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	84/18	22.11.2018
Arbeidsmiljøutvalet	18/18	19.11.2018
Administrasjonsutval	29/18	21.11.2018
Eldreråd	7/18	04.12.2018
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	6/18	04.12.2018
Kommunestyret		13.12.2018

Kommunedelplan med handlingsprogram - Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 for Seljord kommune

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Gul bok - Kommuneplan handlingsdel - Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022
- 2 Vedlegg 1 til Gul bok - Oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester
- 3 Vedlegg 2 til Gul bok - Momentum Budsjettnotat - Seljord kommune 2019
- 4 Vedlegg 3 til Gul bok - Kostnad vedlikehald vegar og bruer 2019-2028.
- 5 Utdanningsforbundet - Innspel på rådmannen sitt budsjettframlegg
- 6 Fagforeiningane og vernetenesta - Innspel til budsjett

Saksutgreiing:

Innleiing saksgang:

Rådmannen legg fram eit budsjettforslag og forslag til økonomiplan med dei beste anslaga for realistiske inntekter og utgifter som er venta i 2019 og i økonomiplanperioden 2019-2022. Nærmare informasjon og detaljar for saksframleggjet er å finne i vedlagt Gul bok.

Formannskapet/økonomiutvalet vil på sitt møte den 15.11.18 få lagt fram Gul bok med budsjett og økonomiplan 2019 - 2022 som informasjon. I møte 22.11.18 vedtek utvalet si innstilling til kommunestyret. Formannskapets innstilling blir lagt ut til offentlig ettersyn i 14 dagar.

Kommunestyret vil i sitt møte 13.12.18 fatte endeleg vedtak i saka. Kommunestyret vil få framlagt ei sak som tek med seg alle innspel frå andre utvalshandsamingar og høyringsinnspel som har kome inn. Kommunestyrets vedtak blir kunngjort på vanleg måte og Gul bok med eventuelle endringar sendast over til departementet for orientering.

Kommuneplan – Handlingsdel med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan 2019 -2022 (Gul Bok) er eit bindande styringsdokument for Seljord kommune. Dette syner korleis målsettingane i kommuneplanen skal bli nådd. Tilbakemelding om framdrift i samsvar med planen skjer gjennom arbeidsprogram, budsjettoversyn, årsrekneskap og årsmelding. Planen med tilhøyrande tilbakemeldingar utgjer kommunen sin internkontroll på øvste nivå i regi av rådmannen. I tillegg førar kommunestyret sjølv kontroll med verksemda gjennom kontrollutvalet.

Innleiing budsjett og økonomiplan 2019-2022:

Seljord kommune har over lang tid hatt ein økonomisk situasjon som balanserer seg på ein knivsegg. Vi har no kome til eit punkt der det økonomiske handlingsrommet er blitt så lite, at rådmannen ikkje klarar å leggje fram eit budsjett i balanse for 2019 eller økonomiplanperioden 2019-2022, sjølv med innføring av eigedomsskatt på hus, fritids- og næringsseigedom frå 2020.

Det vil i tillegg vera naudsynt å gjera ein reduksjon i drifta, tilsvarande 15 årsverk i økonomiplanperioden 2019-2022.

Rådmannen rår til at det blir sett saman ei arbeidsgruppe som einas om ein detaljert plan med konsekvensanalyse for gjennomføring av desse reduksjonane i årsverk. Då arbeidet vil ha innverknad både på administrativ drift og politiske prioriteringar er det naturleg at reduksjonen vert forankra i administrasjonsutvalet som er eit partssamansatt utval mellom fagforeining, politikarar og administrasjon.

Det er vurderer om man klarer å få laga ein realistisk plan for reduksjon i årsverk før kommunestyrets handsaming 13. desember 2018. Rådmannen trur ikkje det lar seg gjere når man legg til grunn at ein slik prosess treng tid, planlegging, forankring og samspel med dei tillitsvalte, tilsette og administrasjonsvalet.

Rådmannen oppfattar at vi difor ikkje lenger oppfyller villkåra i kommunelova § 60 om å levere eit budsjett og ein økonomiplan i balanse, og difor må pårekna at Fylkesmannen vil underkjende Seljord kommunes budsjett og økonomiplan 2019-2022.

Denne erkjenninga er førande for rådmannens budsjett- og økonomiplanframlegg.

Hovudutfordringar:

I 2018 skrev rådmannen i Gul bok fylgjande::

"Det er har vore store utfordringar å få budsjettet for 2018 og vidare i økonomiplanperioden i balanse. Nedgang i rammeoverføringane frå staten, nedgang i innbyggjartalet, inkl. nedgang i talet på flyktningar, samt vidareføring av vedtak om naudsynte lovpålagte tenester, er faktorar som alle har medverka til kommunen sin økonomi i negativ retning. I tillegg er det stor usikkerhet knytt til fleire faktorar i budsjettet, ikkje minst knytt til mottak av flyktningar. I budsjettet og økonomiplan er det lagt opp til 10 flyktningar per år."

Situasjonen for 2019 forsterkar i all hovudsak biletet frå 2018. Det er fleire faktorar som gjer den økonomiske situasjonen for Seljord vanskeleg frå og med 2019 og ut økonomiplanperioden:

- Tidlegare politiske vedtak om å drive med eit negativt netto driftsresultat, og med ein økonomiplan som legg opp til det sama, sjølv med innføring av eigedomskatt på private hus, fritids- og næringsseigendomar

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Netto driftsresultat	-1,74 %	-2,05 %	-2,98 %	-2,71 %	-3,27 %	-3,12 %

- Urovekkande høg lånegjeld som passerar 300 millionar i økonomiplanperioden, og som er planlagt å fortsatt vekse. Små endringar i rentesats vil medføra større økonomiske utslag enn kva vi er budd for
- Dei frie inntekter (rammetilskot, skatt og inntektsutjamning) syner ein real nedgang i 2019 på omlag 2 mill kr, samanlikna med ramma for 2019 i økonomiplan 2018-2021 (deflatert). Prognosane visar ein ytterligare reduksjon i åra framover i takt med fallande folketal
- Førebuing på at det kjem null flyktningar til Seljord frå 2019, tilsvarande ein reduksjon på 4 mill kr i 2019 og totalt 12 mill kr i økonomiplanperioden
- Varsla auke i innanfor tenesteområde barnevern på omtrentleg 1,2 mill kr
- Ny kommunelov innfører i 2020 ein annan berekningsmodell av nedbetaling av lån enn det Seljord har nytt seg av. Dette gjev ein årleg auke frå 2020 på omlag 3,2 mil kr i avdrag med dagens rentesats
- Nedgang i prognosane for sal av konsesjonskraft i 2020 (-1,4 mill kr)
- Reduksjon i inntekt på 3,5 mill kr på grunn av nedgang i elevtalet på grunnskulen frå dagens 379 til minst 352 i økonomiplanperioden, samstundes som talet på eldre frå 67 år og oppover aukar frå 579 til 653 i sama periode
- Ein forventa reduksjon i innbyggartilskot frå 2020 på 1,8 mill kr, i takt med nedgang i innbyggartal

Kommunestyre har i budsjettsaka 14. desember 2017 vedtatt nokre økonomiske handlingsreglar og måltall for budsjett og økonomiplan 2018-2021. Desse er:

I % av driftsinntekter (ca 284 mill kr i økonomiplan perioden)	Anbefalt nivå	Kom.styrets måltall	Økonomiplan 2018-2021			
			2018	2019	2020	2021
Netto driftsresultat	1,75 %	1,75 %	-3,9 %	-2 %	-0,3 %	- 0,1%
Disposisjonsfond	5 % - 10 %	5 %	2,1 %	1,8 %	2,1 %	2,1 %
Renter og avdrag	2 % - 3 %	3 %	4,7 %	5,4 %	6,0 %	6,3 %
Lånefinansiering av investeringar	50 % - 60 %	50 % - 60 %	62,2 %	71,6 %	78,6 %	68,4 %

Samstundes som kommunestyret vedtok dei økonomiske måltala, vedtek det same kommunestyret eit budsjett og økonomiplan som korkje i inneverande budsjettår eller ut økonomiplanperioden overheld dei same måltala. Resultatet er at kommunestyret vedtok eit budsjett for 2018 og ein økonomiplan for 2018-2021 utan å løyse grunnleggande utfordringar i Seljord kommune sin økonomi. Dette medfører at vi har valt å styre oss vekk frå vedtekne økonomiske handlingsreglar. I 2019 må vi difor handsama eit økonomisk problem som har bygd seg opp over tid, med markant reduserte inntekter.

Gitt av dei nemnte utfordringane finn rådmannen det naudsynt å anbefale innføring av eigedomsskatt på privat hus, fritids- og næringseigendom frå 2020.

Det blir også naudsynt å ha ein ny diskusjonsrunde på tenestetilbod, tenestenivå, og kor desse skal liggje i Seljord kommune. For sjølv med innføring av eigedomsskatt visar prognosane i økonomiplanperioden at vi ikkje klarar å balansere budsjetta utan ei endring i tenestetilbod, og/eller ein reduksjon på 15 årsverk i økonomiplanperioden.

Det er summen av utfordringane i reduserte inntekter og eit aukande underskot, som ikkje lar seg kompensere fullt ut med innføring av eigedomsskatt, som gjer det sannsynleg at Fylkesmannen vil underkjenne budsjett og økonomiplan 2019-2022.

Seljord kommune treng å sette fokus på å auke sitt økonomiske handlingsrom og tilpasse sitt aktivitets-, gjelds- og driftsnivå til dei inntektene vi har. Dette krev politisk vilje og handling.

Følgjande hovudtrekk er vurdert for å balansere budsjett og økonomiplan

Det er forsøkt å finne løysingar som er i samsvar med tidigare politisk vedtak om ikkje å gjera strukturelle grep innanfor programområde 2 – Skule og oppvekst eller innføre eigedomsskatt for private hus, hytter og næringseigendom i denne kommunestyreperioden.

I rådmannens budsjettframlegg i 2018 vart det peika på fylgjande;

"Dersom rådmannen i sitt budsjettframlegg skal peike på alternativ til eigedomssatt i den storleiken eigedomsskatten utgjer, er det vanskeleg å sjå for seg løysingar utan at det er ein kombinasjon av strukturelle endringar og reduksjon i årsverk."

Til budsjett og økonomiplan 2019-2022 har faktorane frå 2018 forsterka seg, og det verte naudsynt å anbefale innføring av eigedomsskatt for private hus, fritids- og næringseigedommar frå 2020. Anslaget frå 2017 for inntekter av eigedomsskatt på hus, hytter og næringseigedom var på 24 mill kr i økonomiplanperioden.

Budsjett 2019:

Historikk:

På bakgrunn av dei tidlegare nemnte vedtekne politiske retningsval, vart det forsøkt å løyse budsjett 2019 ved hjelp av ein reduksjon i årsverk. Målet var eit mindreforbruk (eller overskot) på 5 mill kr. Då ville vi oppnå 1,75 % i netto driftsresultat. I september låg det an til å bli eit overforbruk på 10 mill kr i 2019, inkludert innsparingskravet frå kommunestyret på 2,5 mill kr. Differansen vert på 15 mill kr.

For å oppnå eit netto driftsresultat på 1,75 %, måtte ein gjere eit kutt på inntil 15 årsverk berre i 2019. Det visa seg at konsekvensane av ein slik reduksjon på eit år, ville gå kraftig utover lovpålagte oppgåver og ville resultera i ein uforsvarleg reduksjon i kommunens tenestetilbode. Ein reduksjon på 15 årsverk på eit driftstår ville i praksis ha betydd ein strukturell endring både innanfor programområdene 2 (Skule og oppvekst) og 3 (Helse og omsorg). Dette fordi ein ikkje fann løysingar for eit så stort kutt i programområda, samstundes som ein skulle oppretthalde alle funksjonar innanfor alle tenester.

Nå situasjon:

Når dei kjente inntektene og utgiftene for budsjett 2019 er klare i november, ligg vi på -4 mill kr (inkludert 2,5 mill kr i kommunestyrets innsparingskrav). Differansen på å oppnå 1,75 % i netto driftsresultat er på rundt 9 mill kr. Rådmannen finn det svært vanskeleg og i praksis urealistisk å gjere kutt i drifta som gir oss eit netto driftsresultat på 1,75% i 2019.

For å koma i balanse med budsjett 2019 foreslår rådmannen ein reduksjon i drifta på inntil 6 årsverk med heilårsverknad. Rådmannen tilrår at bruk av disposisjonsfond i denne samanheng kun nyttast for å kompensere for gapet mellom det man sparar for når årsverka er redusert, og heilårsverknaden årsverka har på budsjettet.

Det er likevel økonomiplanperioden som set oss på den største prøva.

Økonomiplan 2019-2022:

Ambisjonen bør vera ein markant kursendring på Seljord kommunes økonomiske retning. Ein bør i løpet av neste økonomiplanperiode, 2019-2023 ha høgt fokus for å kome i samsvar med dei økonomiske parametranne kommunestyret har vedteke.

Slik økonomiplanen ligg føre vil underskotet auke markant utover økonomiplanperioden. Årsaka til dette er at inntekter som vi tidlegare fekk, no har falle bort eller er i ferd med å falle bort.

Her kan ein nemne:

- Bortfall av inntekter for 10 flyktningar i 2019 (-4 mill kr)
- Antatt bortfall av skjønsmiddel frå 2020 (-2 mill kr)
- Endring i avdragsberekning frå 2020 (-3,2 mill kr)
- Redusert innbyggartilskot frå 2020 (-1,8 mill kr)
- Nedgang i prognosane for sal av konsesjonskraft i 2020 (-1,4 mill kr)

Bortfallet i inntekter både i 2019 og ut økonomiplanperioden har gjort det naudsynt for rådmannen å rekne med innføring av eigedomsskatt på private hus, fritids- og næringsseigedommar frå 2020. Sjølv med innføring av eigedomsskatt vil underskotet vere betydeleg utover i økonomiplanperioden.

	2019	2020	2021	2022
Budsjett	-3 950 000	-7 597 000	-9 207 000	-8 632 000
Eigedomsskatt	0	5 000 000	8 000 000	11 000 000
Sum	-3 950 000	-2 597 000	-1 207 000	2 368 000
Netto driftsresultat	-2,98 %	-2,71 %	-3,27 %	-3,12 %

Prognosane i økonomiplanperioden 2019-2022 visar at vi ikkje klarar å balansere budsjetta utan ei endring i tenestetilbod, og/eller ein ytterlegare reduksjon i årsverk. I tillegg bør ein gå gjennom tidlegare politiske vedtak med løyvingar som gjev ein auke i drift, og som anten kan bli teken bort eller ikkje effektuert fordi dei ikkje er sett i verk.

For å balansere økonomiplanen foreslår rådmannen at ein må gjere ein reduksjon gjennom heile økonomiplanperioden på inntil 15 årsverk, fordelt slik på fylgjande år:

	2019	2020	2021	2022	Totalt årsverk
Redusering i årsverk¹	6	5	3	1	15

	2019	2020	2021	2022
Budsjett underskot inkl eigedomsskatt	-3 950 000	-2 597 000	-1 207 000	2 368 000
Reduksjon i talet på årsverk	4 050 000	3 375 000	2 025 000	675 000
Sum drift²	100 000	778 000	818 000	3 043 000

¹ Gjennomsnittssummen på eit årsverk er sett til 675 000 kr.

² Eit netto driftsresultat på 1,75% er i 2018 tall omlag 5, 2 mill kr

Investeringar:

Kommunen har framleis store investeringsbehov, fyrst og fremst innan skulesektoren. I tillegg til nye tiltak i 2019, er det fleire av investeringstiltaka som ikkje vart realisert i 2018 og som derfor er vidareført. Sett i ljøs av kommunen si høge lånegjeld og behov for nye investeringar, bør kommunen ta stilling til om ikkje-effektuerte vedtak skal opp til ny politisk vurdering. Det er gjort harde prioriteringar frå rådmannen si side. Nokre tiltak er forskyvd ut i tid, andre er tatt ut med ein tanke om å sette tæring etter næring. Det viktigaste punktet her er;

- Skulepakka er tatt ut av økonomiplanperioden. I staden aukar ein summen for vedlikehald slik at ein får utført naudsynt vedlikehald og lukka byggetekniske avvik.
- Bygging av ny brannstasjon er tatt ut, og i staden anbefaler rådmannen ein leigeperiode på 5 år i dei lokala vi leiger i dag.
- Labyrinten på Eventyrøy, turvegen langs med Nesbukti og grunnerverv i Lomodden er tatt ut, med grunngjeving om at vi må prioritere å få betre kontroll på Seljord si lånegjeld og økonomisk handlingsrom, og difor i høgare grad prioritere våre primærøppgåver

Det er mange udekte behov i organisasjonen både innan drift og investeringar, som ikkje er med i rådmannen sitt budsjettframlegg. Nokre tiltak som ikkje er tatt med tenderar opp mot kritisk naudsynt, men grunna den økonomiske stoda har ein ikkje sett grunnlag for å ta dei med.

Disposisjonsfond:

Eit måltall på 1,75 % i netto driftsresultat betyr at vi skal unnlate å bruke 1,75 kr av kvar 100 krone vi har til disposisjon. I staden bør ein sette dei inn i eit sparefond (disposisjonsfond). Eit årleg netto driftsresultat på 1,75 % tilsvarar rundt 5,2 mill kr for Seljord i 2017-tal.

Ved inngangen til 2018 sto det 14,7 millionar kr på disposisjonsfondet. Det er vedtatt å bruke 6,5 mill kr av disposisjonsfondet for å dekke opp drifta i 2018. Når budsjettet er lagt for 2019 står det pr 6. november 2018 att 4,7 mill kr igjen på disposisjonsfond.

Disposisjonsfondet har vert nytta til for å få driftsbudsjettet i balanse. Dette er langt i frå ynskjeleg, då disposisjonsfondet primært bør bli nytta til;

- Eigenandel ved investeringar
- Uføresette hendingar innanfor kommunen sitt ansvarsområde
- Å møte eksterne endringar, som til dømes vedtak om lovpålagte tenester som ein ikkje har klart å sjå på førehand.
- Handsame ei renteauke utover det ein har sett på førehand

I forslag til å løyse budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 førelås det difor ikkje å nytte seg av disposisjonsfond for å saldere budsjetta generelt. Viss det skal brukast, så kun for å kompensere for gapet mellom det man sparar for når årsverka er redusert, og heilårsverknaden årsverka har på budsjettet.

Eigedomsskatt:

Det er i dag eigedomsskatt på verk og bruk, noko som saman med sal av konsesjonskraft i 2017 gav oss fylgjande inntekt:

	Rekneskap 2017
Sal av konsesjonskraft	3 760 262
Naturressursskatt	4 485 400
Konsesjonsavgifter	1 940 615
Eigedomsskatt av kraftanlegg	6 480 992
Sum i kr	16 667 269

Totalt utgjorde inntekter frå eigedomsskatt på verk, bruk og kraft 5,6% av brutto driftsinntekter i Seljord.

Eigedomsskatt for private hus, fritids- og næringseigendom var i 2017 rekna til å kunne gje ein inntekt på rundt 24 millionar kr i økonomiplanperioden 2018-2021. For å kunne skrive ut eigedomsskatt må ein gjennomføre eit naudsynt arbeid med taksering av eigedommar. Dette vil nok ta vel eit år å gjennomføre. Takseringa er vurdert til å koste 1,75 millionar kr.

Ved innføring av allmenn eigedomsskatt på private hus, fritids- og næringseigendom, må ein gjere eit skilje på innføringa. Sidan vi alt har 7 ‰ på eigedomsskatt for verk og bruk, vil næringseigendom også få 7 ‰ ved fyrste år for innføring.

For private hus og fritidseigendom er det ein trappemodell for innføring av skatten. 1 ‰ det fyrste året og ein vekst på 1 ‰ dei neste åra. Antatt inntekt i eigedomsskatt rekna i 2017 tal:

	2019	2020	2021	2022	Totalt i økonomiplan
Antatt inntekt	0	5 000 000	8 000 000	11 000 000	24 000 000

I statsbudsjett for 2019 er det foreslått å redusere makssatsane på eigedomsskatt for private hus og fritidseigedommar frå 7‰ til 5 ‰. Dette er ein reduksjon i Seljords potensielle inntekter på 6 mill kr.

Meir om eigedomsskatt, grunnlagsberekning og taksering i Gul bok.

Rådmannen si tilråding:

I samsvar med kommunelova § 45 nr. 3 vert årsbudsjett for 2019 lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før den vert handsama av kommunestyret.

I samsvar med kommunelova § 44 nr. 7 vert økonomiplan med framlegg til vedtak lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før planen vert handsama i kommunestyret.

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å legge fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan slik det går fram av dokumentet Gul bok 2019 – 2022.
2. Det blir gjennomført ein reduksjon på inntil 15 årsverk i økonomiplanperioden. Reduksjonen handsamast av administrasjonsutvalet. Rådmannen leiar ein arbeidsgruppe som innstiller til administrasjonsutvalet.
3. Det skal sjås på Seljord kommunes sitt tenestetilbod, tenestenivå, og kor desse skal liggje i framtida. Rådmannen skal leggje fram ein sak til kommunestyre til budsjett og økonomiplan 2020-2023
4. Politiske vedtak med budsjettmessige konsekvensar som ikkje er effektuera stoppas, og blir vurdere på nytt
5. I medhald av eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c, vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk med 0,7% av eigedomsskattetaksten. Vedtektene for eigedomsskatt i Seljord kommune som er vedtatt av kommunestyret 13.12.2012, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2019, jamfør eigedomsskattelova §10. Det er tre terminar for betaling av eigedomsskatt jamfør eigedomsskattelova § 25.
6. Frå og med 2020 vert det skrive ut eigedomsskatt i medhald av eigedomsskattelova § 3 a, dvs. på alle faste eigedomar i heile kommunen.
7. Nytt låneopptak i 2019 kr 26.410.000. Lånegjelda vert avdrege i samsvar med "minste tillatne avdrag" som er lik "attståande vekta levetid på kommunen sine anleggsmidlar", for tida omlag 31 år.
8. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av budsjettering 2A og 2B, med at summen for investeringstiltak (inkl. avdrag, utlån, andelar og avsetjingar) er i 2019 kr 29.814.000
9. Driftsbudsjettet vert vedteke på netto programområdenivå slik det går fram av budsjettskjema 1A og 1B.

10. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARF-området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad. Innan plan, byggesak, oppmåling og Matikkellova, skal ein i løpet av ein tre års periode nå prinsippet om 100 % dekningsgrad, med ein opptrapping frå 80 % i 2019 til 100 % i 2021.

--- slutt på innstilling ---

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 22.11.2018

Nytt punkt 5 i rådmannens tilråding:

- a) For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglande for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.
- b) For eigedomsskatteåret 2019 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom.
- c) For eigedomsskatteåret 2019 skal det vidare skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
- d) Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2019 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
- e) Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.
- f) Siste alminnelege taksering i kommunen var i år 2009. Kommunestyret har for eigedomsskatteåret 2019 vedteke å oppjustere takstane med 10 % i medhald av eigedomsskattelova § 8 A-4 om kontorjustering.

Felles framlegg frå AP, H, SP og V:

Formannskapet legg rådmannen sitt budsjettframlegg til grunn og vil koma tilbake til konkrete endringsframlegg til kommunestyret 13. desember.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 22.11.2018

Formannskapet legg rådmannen sitt budsjettframlegg til grunn og vil koma tilbake til konkrete endringsframlegg til kommunestyret 13. desember.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2018

AMU ser med bekymring på føresetnad for budsjett 2019, der det kjem fram tydeleg behov for å skjære mykje ned på bemanning for å kome i økonomisk balanse. Signala frå rådmannen om nedskjering gjev grunn til bekymring for konsekvensane dette får for kvaliteten i tenestene som kommunen primært skal levere. I tillegg ser AMU med bekymring på konsekvensane dette får for arbeidsmiljøet og sjukefråværet.

Eventuelle nedskjæringar må foregå i opne prosessar for heile organisasjonen og etter gjeldande lov- og avtaleverk.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2018

AMU ser med bekymring på føresetnad for budsjett 2019, der det kjem fram tydeleg behov for å skjære mykje ned på bemanning for å kome i økonomisk balanse. Signala frå rådmannen om nedskjering gjev grunn til bekymring for konsekvensane dette får for kvaliteten i tenestene som kommunen primært skal levere. I tillegg ser AMU med bekymring på konsekvensane dette får for arbeidsmiljøet og sjukefråværet.

Eventuelle nedskjæringar må foregå i opne prosessar for heile organisasjonen og etter gjeldande lov- og avtaleverk.

Handsaming i Administrasjonsutval - 21.11.2018

ADMU er opptatt av at dei reduksjonar i stillingar som måtte bli vedtatt, blir gjennomført etter gjeldande lovverk og regelverk. Administrasjonsutvalet ber også om at rådmannen gjennomfører dette i arbeidet i tett og god dialog med arbeidstakarorganisasjonane.

Vedtak i Administrasjonsutval - 21.11.2018

Administrasjonsutvalet er opptatt av at dei reduksjonar i stillingar som måtte bli vedtatt, blir gjennomført etter gjeldande lovverk og regelverk. Administrasjonsutvalet ber også om at rådmannen gjennomfører dette i arbeidet i tett og god dialog med arbeidstakarorganisasjonane.

Utskrift til:

FK Fylkesmann i Telemark Postboks 2603 3702 Skien
Fylkesmannen i Telemark